

## **Nattverd**

Gruppeleiar: Silje

Deltakare: Helene, Knut Petter, Line, Kristian, Magnus og Silje

Referent: Eivind

Ungdomstinget 2011 (UT 2011) ynskjer at nattverden skal verta ein naturleg del av ungdommens trusliv. Ein har erfaring med at nattverden ikkje er til stades slik ungdommen skulle ynskja. Nattverden blir lettare tilgjengeleg gjennom undervisning og inkludering.

UT 2011 ber Ungdomsrådet (UR) jobbe vidare med følgjande:

- Å finne gode måtar å undervise ungdommen i nattverdelement. Rådet føreset at undervisninga er nært knytt til Bibelen. Det bør særleg leggjast vekt på symbola og heilskapen.
- Å leggje til rette for at ungdommen gjer nattverden til ein del av ungdomsarbeidet
- Å jobbe for at ungdomsarbeidarar i lengre, lønna eller ulønna, engasjement kan forretta nattverd
- Gjere nattverden meir tilgjengeleg utanfor kl. 11-gudstenesta
- Å jobbe for at det skal vera rom for å utfordra ungdom til å vera nattverdsmedhjelparar
- Sjå på moglegheita for at det skal vera mogleg å ha nattverd i starten av gudstenesta

UT 2011 ber UR sjå på moglegheita for

- Informasjonsfilm om nattverd

UT 2011 ynskjer at vedlagte dokument nyttas som idébank i arbeidet for å inkludera nattverda hos ungdommen.

Vedlegg:

## **Idébank**

Oblat

- Alternativ
  - Polarbrød
  - Flatbrød

Vin

- Alternativ
  - Druejuice
  - Saft

Undervisning

- Temakveld/nattverdsmedhjelpkurs
- Folder, film
- Symboler
  - Oblatar
  - Kalk, beger, disk
- Historisk sammenheng
  - Pakta

Praksis

- Engasjere ungdom i den vanlige nattverdutdelinga

Stad

- Ungdomsklubben
- Ute
- Kveldsgudsteneste